

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Gloppen Hotell  
**Dato:** 9. mars 2018  
**Tidspunkt:** 10:30

---

Velkommen til det første møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2018!

Vi får god lunsj på [www.gloppenhotell.no](http://www.gloppenhotell.no)

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 93664256. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Vennleg helsing  
Maria Knagenhjelm  
sekretær



## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/18	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 3/18	Orienterings- og drøftingssakar Sjå under		
RS 1/18	Svar frå KLD: Behov for auka kapasitet i forvaltninga - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre		2013/2094
RS 2/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - vidare samarbeid med Jostedalsbreen nasjonalparksenter		2018/621
RS 3/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om midlar til ny film – Norsk Bremuseum		2018/79
RS 4/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - forespørslar vedr. oppattmerking av stiar / istandsetting av stiar ved Bødalssetra og Kjenndalen i Loen - Stryn kommune		2018/828
RS 5/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om løyve til bruk av snøscooter i samband med feltarbeid våren 2018 - Høgskulen på Vestlandet		2018/279
RS 6/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - rapport flygeløyve - bygging av Skålabu		2016/1482
RS 7/18	Mål på Storselet på Sunndalssætra		2017/2023
RS 8/18	Sikring av stien til Kattanakken		2017/3618
ST 4/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - endra vilkår etter klage - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp		2017/3208
ST 5/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - motorferdsle i samband med ny panoramafilm - Norsk Bremuseum		2017/3489
ST 6/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - prioritering av tiltaksmidlar for 2018		2017/3850
ST 7/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - kjentmannskøyring med snøscooter - Skjåk Raude Kors		2018/859
ST 8/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsle i samband med måling av is- og snøtjukkeleik - NVE		2018/887
ST 9/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til snøscooterkøyring for snømåling - Glommens		2018/882

	og Laagens Brukseierforening GLB	
ST 10/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - ulovleg motorferdsel i samband med idrettsarrangement	2013/3553
ST 11/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styre og årsplan for 2018	2014/42
ST 12/18	Eventuelt	

Orienteringssakar:

1. Tal og spennande viten frå brukarundersøkinga, drøfting om informasjonshandsaminga vidare
2. Jostedalsbreen nasjonalpark er no med i Emerald Network, lista over Europas mest verdifulle natur
3. Status og effekt av nasjonalparkfilmen på virale medium
4. Ny administrativ kontaktperson i Sogndal kommune, Cornelis Ervik
5. Tilbod frå Miljødirektoratet om ytterlegare sårbarheitsvurderingar
6. Deltaking i EU-prosjekt med "letter of intent" og nettverk med nasjonalparkar med liknande natur
7. Om utvalet sitt framlegg om overføring av oppgåver til Fylkeskommunen, og status på samanslåinga av fylkesmannsembeta i Hordaland og Sogn og Fjordane.
8. Mediehandsaming, m.m.

**ST 1/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 2/18 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

**ST 3/18 Orienterings- og drøftingssaker**

**RS 1/18 Svar frå KLD: Behov for auka kapasitet i forvaltninga - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

**RS 2/18 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - vidare samarbeid med Jostedalsbreen nasjonalparksenter**

**RS 3/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om midlar til ny film – Norsk Bremuseum**

**RS 4/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - forespørslar vedr. oppattmerking av stiar / istandsetting av stiar ved Bødalssetra og Kjenndalen i Loen - Stryn kommune**

**RS 5/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om løyve til bruk av snøscooter i samband med feltarbeid våren 2018 - Høgskulen på Vestlandet**

**RS 6/18 Jostedalbreen nasjonalpark - rapport flygeløyve - bygging av Skålabu**

**RS 7/18 Mål på Storselet på Sunndalssætra**

**RS 8/18 Sikring av stien til Kattanakken**



Arkivsaksnr: 2017/3208-0  
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 28.02.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	4/18	09.03.2018

## Jostedalsbreen nasjonalpark - endra vilkår etter klage - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre endrar vilkår 5. om helikopterflyging i løyvet til å arrangere Skåla Opp, datert 15.11.2017. Skåla Opp får løyve til fire landingar før og fire landingar etter arrangementet. Ei av desse landingane er med mannskap som skal ta i mot og handtere utstyret. I 2018 får dei løyve til fem landingar før arrangementet.

#### Nytt vilkår 5. i løyvet vert derfor:

5. Fire landingar (4) med helikopter innanfor nasjonalparkgrensa i løpet av dei fem vekedagane før arrangementet (fem i 2018) og fire landingar (4) i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet. Føremålet med transporten er å frakte vatn og naudsynt utstyr for gjennomføring av løpet. Løyvet gjeld ikkje helgedagar.

Maks ei (1) av landingane før arrangementet og ei (1) av dei etter kan vere frakt av personell.

Vedtaket bygger på nye og oppdaterte opplysningar som har kome fram når vi har gått gjennom både tidlegare praksis og noverande transportbehov saman med arrangøren.

Vedtaket er heimla i naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, [...]».



## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Løyve til å arrangere motbakkeløpet Skåla Opp i åra 2018 – 2021
- Klage/brev gjeldande løyve til å arrangere Skåla Opp
- Verneforskrift for Jostedalsskogen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova (nml)

### Bakgrunn

Motbakkeløpet Skåla Opp må ha dispensasjon frå verneforskrifta for å gjennomføre arrangementet. Idrettsarrangement er ikkje lov i Jostedalsskogen nasjonalpark i følgje verneforskrifta, men nasjonalparkstyret har i fleire år gjeve løyve til arrangementet etter den generelle dispensasjonsheimelen i nml § 48. Løyvet brukar dei å få for 4 år i gongen på visse vilkår, og hausten 2017 fekk Skåla Opp fornya løyve til arrangementet for åra 2018 til 2021.

Eit av vilkåra i løyvet går på kor mykje motorferdsel (landing med helikopter) som arrangøren kan nytte seg av i samband med gjennomføring av arrangementet. Dei har gjennom løyvet sitt (nasjonalparkstyret sitt vedtak i 2017) lov til å ha inntil to landingar med helikopter ved Skålatårnet før arrangementet og to landingar etterpå. I perioden 2014-2017 hadde dei løyve til ei landing før og ei etterpå, altso vart dispensasjonen for motorferdsel utvida til det doble i det nye løyvet.

### Klage

Skåla Opp søkte i utgangspunktet om fleire landingar både før og etter arrangementet (seks før og seks etter) enn det dei fekk innvilga i 2017 i løyvet til arrangementet. Arrangørane vil få store utfordringar med å avvikle motbakkeløpet slik som dei har gjort og slik som dei ynskjer å gjere i år og komande år. Skåla Opp har derfor klaga på vedtaket og bede nasjonalparkstyret om å revurdere dette vilkåret. Klaga kom inn til sekretariatet innan trevekersfristen, jf. forvaltningslova, og skal såleis leggjast fram for styret til ny vurdering.

### Nye opplysningar

Som «assisterande nasjonalparkforvaltar» har eg (Alf Erik Røyrvik) vore i møte med Skåla Opp, ved dagleg leiar for arrangementet Erik Brendefur. Med på møtet var og naturoppsyn Rune Holen og på delar av møtet direktør for Alexandra Hotel, Richard Grov. Der gjekk vi gjennom transportbehov i samband med arrangementet og korleis dei har løyst dette til no. Det er nok ingen tvil om at det ikkje har vore samsvar mellom løyve og tal landingar fram til no. Arrangøren har nytta fleire landingar både før og etter arrangementet enn det som det gamle løyvet opna for (som i førre løyveperiode var ei landing før og ei landing etter). Det har vore naudsynt for å få opp og ned det utstyret som trengs til tidtaking, førstehjelp, målområde og ikkje minst vatn. Brendefur sa i møtet at dei har misforstått definisjonane av «landing» og vilkåra i løyvet og handla i god tru. Når det står i saksutgreiinga til løyvet datert 15.11.2017 står at Skåla Opp tidlegare har gått fint med ei landing før og ei etter arrangementet so stemmer nok ikkje det heilt med realitetane, men Skåla Opp har heller ikkje spurt forvaltninga om fleire landingar.

Etter dette møtet har Brendefur dessutan informert meg om at Skåla Opp er tildelt World Cup -status no i 2018. Det kan og bety nye behov og utfordringar knytt til mellom anna dopingkontroll. Dette skal Brendefur kome tilbake til.



## Vurdering

Det ser ut som at arrangøren ikkje har forstått vilkåra i løyvet dei hadde. Kva som skal definerast som «landing» har vore tema i saker tidlegare og slike saker har gått heilt til høgsterett (men då gjaldt det generelt i utmark og ikkje i verna område). I Jostedalsbreen er det lågsflygingsforbud under 300 m, og dermed må all bevegelse med helikopter under 300 m ha løyve til lågtflyging eller landing, og kvart dropp frå line eller landing på bakken teller som ei landing. Kvart hiv, eller kvar tur med last (hengande eller inne i helikopteret) teller som ei landing. Dette seier arrangøren at dei ikkje har forstått.

Dette burde sjølvstilt arrangøren satt seg inn i og fått klarheit i. Vilkår i løyvet har blitt brote, og det er Skåla Opp sitt ansvar. Dette bør nasjonalparkstyret ta tak i og vurdere ein eller annan reaksjon. Samstundes bør ein og sjå framover og sjå på korleis ein kan få dette til å fungere framover. Skåla Opp er eit viktig og populært arrangement som har gått i mange år no. Alle har interesse av at dette arrangementet går greitt føre seg.

På møtet med Skåla Opp i Loen 17. januar diskuterte vi korleis vi kunne redusere omfanget av helikoptertransporten. Skåla Opp skildra i søknaden sin behov for seks landingar før og seks landingar etter arrangementet for å få opp utstyr som trengs i målområdet, tidtakarutstyr, vatn og førstehjelpsutstyr. Først ein tur for å få opp mannskap til å ta i mot utstyret på Skålatårnet, deretter tre hiv til Skålatårnet og eitt til Skålavatnet med utstyr, og til slutt ei landing ved Skålatårnet for å hente ned mannskapet. Etter arrangementet må det meste av utstyret ned att med unntak av vatn, men då skal og avfall etter arrangementet ned att. Dei søkte derfor om same tal på landingar etter arrangementet.

I søknaden og i klagen skriv Skåla Opp at dei treng totalt seks landingar inne i nasjonalparken før og seks etter arrangementet. Først ei landing med personell til å handtere utstyret. Deretter fire hiv/landingar med utstyr, tre ved Skålatårnet og eitt til Skålavatnet (set dei frå seg ein «bigbag»). Til slutt ei landing ved Skålatårnet for å hente ned att personellet. I møtet 17. januar utfordra eg arrangøren om dei kan redusere behovet her med to hiv, altså til fire hiv totalt. Både gjennom å prøve å redusere mengda utstyr i transporten, gjennom å lagre meir utstyr i bygningane som er på toppen, og at personellet går nedatt sjølv. Lagring av utstyr på toppen krev truleg eit samarbeid med Bergen og Hordaland turlag. Dette utfordra eg arrangøren på, og dei trudde dette skulle vere mogeleg. Kanskje ikkje no i 2018, sidan alt utstyret no er nede i bygda, men det bør gå i dei komande åra.

Dette med å fly opp og ned mannskap som skal ta i mot utstyret som kjem med hiva seinare, har vore diskutert i liknande saker tidlegare. Det er eit vanleg prinsipp i at ein ikkje skal nytte transportløyve til rein persontransport (jf. jurist i Miljødirektoratet). Samstundes kan det vere vanskeleg i praksis, ved til dømes byggearbeid og anna arbeid med innleigd arbeidskraft. Skåla Opp melder om at det er veldig utfordrande om dei ikkje kan fly opp mannskap som skal ta i mot og handtere utstyret. Det tek 2-3 timar å gå opp til Skåla for mannskapet som skal ta i mot utstyret, og dei gjer denne jobben på dugnad. I tillegg er det ofte utfordringar med veret, det ligg ofte skodde på sjølve toppen. I slike tilfelle må dei kunne fly på kort varsel når det er forhold til å kunne lande ved Skålatårnet, og då er det veldig vanskeleg om dei då må vente i dei 2-3 timane det tek å gå opp. Når mannskapet skal nedatt etter at utstyret er teke i mot og handtert, kan dei derimot gå. Då hastar det ikkje, og det tek og kortare tid. Dette var arrangøren einig i. Vi kan altså spare ein tur på det, både før og etter arrangementet.





Vi har altså kome fram til at det skal gå an å redusere behovet for helikoptertransport til fire landingar før og fire etter arrangementet. Ein tur med mannskap først, deretter to landingar ved Skålatårnet og ein ved Skålavatnet med utstyr. So går mannskapa ned att sjølv. For 2018 vil det vere behov for fem landingar før arrangementet, då det utstyret som seinare skal lagrast på toppen, no ligg nede i bygda.

Dette er ei vanskeleg sak. På den eine sida so har vi hatt eit løyve med vilkår til no, som har vore misleghalde. Det svekkar tilliten. Det er ikkje noko ein bør ta lett på, og den saka bør styret følgje opp vidare. På den andre sida har vi arrangementet Skåla Opp, som er blant dei største utstillingsvindauga til nasjonalparken. Dersom styret/forvaltninga skal stå på løyvet sitt, vert det veldig vanskeleg å arrangere Skåla Opp slik som det er planlagt og som det har vore gjennomført. Det vil truleg føre til dårlegare tilbod til deltakarane på toppen og redusert opplegg på tidtaking og mellomtid.

Eg trur det er lurt å skilje mellom det som har skjedd og det som skal skje framover. Det som har skjedd med brot på vilkår i det gamle løyvet, kvifor det skjedde og eventuell reaksjon bør handterast for seg. So bør ein sjå framover og verte einige om korleis Skåla Opp skal arrangerast i framtida. Avklare kva som er av transportbehov og sikre at ein har ein betre kommunikasjon. Det må på plass betre rapporteringsrutiner slik at vi ikkje kjem i ein liknande situasjon igjen. I tillegg trur eg det er lurt å sjå meir heilskapleg på motorferdsel til Skåla, og sette krav om eit samarbeid mellom Skåla Opp og Bergen og Hordaland turlag.

Det bør poengterast at framtidig misleghald av løyve vil få store konsekvensar, då vil inndraging av løyve til å arrangere Skåla Opp vere aktuelt.

Styret har allereie vurdert arrangementet Skåla Opp, inkludert to helikopterlandingar før og to etter arrangementet, kan få løyve med heimel i nml § 48. Altso at arrangementet og motorferdsla ikkje er i strid med verneføremålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig. Eg kan ikkje sjå at ei utviding med to landingar før og to etter arrangementet heller vil stride mot verneføremål eller påverke verneverdiane, so lenge vilkåra i løyvet vert følgde.

For vurdering av naturmangfaldlova §§ 8 – 12, so viser eg til dei vurderingane som vart gjort i saksutgreiinga til det opphavelege løyvet (datert 15.11.2017). Endringane som er aktuelle er større, enn at dei vurderingane framleis er gyldige.



Arkivsaksnr: 2017/3489-0

Saksbehandler: Maria C. Knagenhjelm

Dato: 15.02.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/18	09.03.2018

## Jostedalsbreen nasjonalpark - motorferdsle i samband med ny panoramafilm - Norsk Bremuseum

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, med heimel i naturmangfaldlova § 48, løyve til Falkeblikk v/ Tore F. Lie på vegner av Norsk Bremuseum v/John Brekke for motorisert ferdsle og bruk av drone i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med innspelninga av den nye museumsfilmen på følgjande vilkår:

1. Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt for filminga, den skal gjennomførast tidseffektivt, og skal følgje den skisserte lokasjonsplanen i søknad og møtereferat, jf. saksutgreiinga.
2. Helikopter, snøscooter eller drone skal i utgangspunktet ikkje synast på den ferdige filmen. Der det er filmteknisk mogeleg, bør drone være føretrakt framfor helikopter med omsyn til støy.
3. Under den motoriserte ferdsla skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området, slik at uroinga blir minst mogeleg. Det skal ikkje flygast i Oldedalen (Briksdalen, Brenndalen) eller i Lodalen (Bødalen, Kjenndalen) og ved Tungestølen i perioden mars til og med juni grunna sårbart biologisk mangfald. Det skal heller ikkje flygast fredag-søndag eller høgtidsdagar i perioden mai og fyste halvdel av juni på breplataet (lokalitetar som Bings gryte, Flatbreen og Flatbrehytta, Lodalskåpa, Høgste Breakulen, m.fl) grunna friluftsliv.
4. Totalramme for flyging med helikopter er ca 50 timer flyging fordelt over ca 10 dagar.
5. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltaren skal varslast før flyging, og skal kunne utsette flyging i særlege uføresette tilfelle.
6. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding om gjennomført prosjekt, og om eventuelle observasjonar gjort undervegs.

Dersom andre lokasjonar blir aktuelle for filming på eit seinare tidspunkt, må forvaltar vurdere om saka bør leggjast fram att for nasjonalparkstyret på nytt. Kommunane har også eit regelverk å forvalte. Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen



nasjonalpark. Søkjar er ansvarleg for å innhente løyve frå Sogndal, Stryn, Jølster og Luster kommunar og frå grunneigararar.

#### Dokument i saka:

- Første gongs søknad underteikna den 6. oktober 2017 frå Norsk Bremuseum v/John Brekke og Falkeblikk v/ Tore Friele Lie
- Oppfølgjande søknad med vedlagt kart og lokasjonsplan
- Referat frå dialogmøte den 16. februar med Norsk Bremuseum, Falkeblikk og nasjonalparkforvaltaren
- Utfyllande informasjon som har komme fram i dialog undervegs.

#### Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

#### Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- *å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap*

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er ikkje heimel i verneforskrifta til å gi løyve til motorferdsel til det omsøkte føremålet. Søknaden må difor vurderast etter § 48 i naturmangfoldlova (nml.) som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. I nml. § 48 står det at *«forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*.

Verneforskrifta pkt. IV, 4.3, 5. avsnitt skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 4.3, men det er òg naturleg at avsnittet er retningsgjevande for eventuelle løyve etter nml. § 48: *«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»*

Etter naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



## Saksopplysningar

### Søknaden

Norsk Bremuseum v/ direktør John Brekke søker Jostedalsbreen nasjonalparkstyre om løyve til motorisert ferdsle og bruk av drone for å kunne utvikle ein ny panoramafilm for visning på museet i Fjærland. Søknaden er også underteikna Tore F. Lie, dagleg leiar for Falkeblikk as, som har fått oppdraget frå bremuseet, løyvet er difor stila til begge. Prosjektet som heilskap har eit budsjett på kring 10 mill. og skal erstatte den noverande Caprino-filmen, som har vore vist på museet sidan byrjinga av nitti-talet.

I søknaden står mellom anna følgjande:

Noverande film vart laga av Ivo Caprino i 1990-1991 og fornya i 1997, og ved sidan av å begeistre meir enn 1,6 millionær besøkande dei siste 26 åra, er filmen og eit unikt vitenskapelig dokument på Jostedalsbreen utgreining på tidleg 90-talet. Den nye filmen vil tilsvarande vise fram endringane til breen i dei siste 25-30 åra og likeins utgjere eit viktig tidsvitne til klimaendringane.

Norsk Bremuseum er ein privat stifting oppretta av Norsk Polarinstitutt, NVE, UiB, UiO, Høgskulen i Sogn og Fjordane, DNT og International Glaciological Society. Ved sidan av å vere eit Bremuseum, gjer senteret og ein viktig jobb som nasjonalparksenter og klimasenter. Museet har fleire utstillingar som tek for seg både vern av Nasjonalparken og naturen, og samstundes syner det gode samspelet mellom natur og menneske. I tillegg formidlar vi historia om friluftslivet si sterke posisjon og tradisjon i Noreg.

I dei 25 åra som har gått kan museet seies å være ein av Norges største museumssuksessar med eit årleg snitt på 60 000 besøkande (80 000 i 2017), og ein kontinuerleg god økonomi. Sidan opninga i 1991 har til saman cirka 350 000 born besøkt museet. I tillegg har vi undervist 42 000 skuleelevar på områda bre og klima. I dag har vi eit besøk på omkring 70-80 000 personer i året, og av desse er om lag 20 000 born under 19 år.

Museet har dei siste åra fornya mykje både i uteområde og inne i sjølve museet, og dei to neste åra skal vi altså lage ein av verdas mest spektakulære panoramafilmar med fokus på Jostedalsbreen.

Den nye filmen til Bremuseet vil som nemnd være eit viktig vitenskapelig bidrag for å belyse påverknaden av global oppvarming på breane våre. Den skal og være ein hovudingrediens i jobben med å sikre suksess for senteret dei neste 15 åra, og dermed sikre arbeidsplassar og eit museum som spelar ein viktig rolle, både som turistattraksjon og fyrtårn i regionen, og samtidig som ein viktig kulturell møteplass for bygda. Og ikkje minst, med ein unik film som trekkplaster, vil museet kunne formidle viktig kunnskap til ennå fleire gjester frå heile verda.

Den planlagte innspelingsperioden strekk seg over to år, og dei reknar med å være ferdig med filming hausten 2019 / våren 2020. Dei ønskjer å filme ulike delar av året, for å få med seg alle årstider. Dei planlegg inntil 10 dagar med helikopterfilming og 10 dagar med dronefilming, noko frakt med snøscooter, samt ein god del filming frå bakken. I dialogmøtet kom det fram at dei budsjetterer med kring 50 timar flyging, derav 40 timar med filming med helikopter og ca 10 timar transportflyging. Grovt reknar dei ca 10 dagar med altså i snitt fire timar filming pr. dag. Droneflyging og filming frå bakken kjem i tillegg. Dei planlegg langt mindre helikopterflyging no enn då Caprino-filmen vart spelt inn, men ønskjer fleksibilitet for å kunne fly på kort varsel grunna omskifteleg vær. I søknaden skriv dei avslutningsvis:



Oppsummert ynskjer vi løyve for å nytte snøskuter, helikopter og drone innanfor nasjonalparken i den planlagde tidsperioden. Sidan vi er heilt avhengige av å filme etter kva vêret tillèt, så treng vi eit løyve som gjev oss kortast mogleg responstid når det skal filmast, gjerne med moglegheit for å si frå same dag eller dagen før om det trengs. Vi vil likevel vera fleksible slik at vi unngår flyging og anna bråk under hekketid og andre sårbare periodar, samt dei tider der det vil vera mykje turfolk.

Nedanunder er dei omsøkte filmlokasjonane omtalt, med tilhøyrande kartutsnitt (kartutsnitta har ikkje same målestokk).

### Omsøkte lokalitetar (lokasjonar) i Sogndal kommune:



Kartutsnitt Sogndal.

- Fjærlandsfjorden og Bremuseet: Tid: Sommar. Flyging utanfor Jostedalsbreen nasjonalpark sitt mynde, men hugs lågsflygingssone på 300 moh i Bøyaøyri naturreservat (Fylkesmannen er vernemynde).
- Brævasshytta og mot Bøyabreen: Tid: Sommar. Farkost: Helikopter. Særskilt: generelt omsyn til friluftsliv, mykje turistar. Fly gjerne tidleg om føremiddagen, då er det færre folk.
- Flatbreen og Flatbrehytta: Tid: Filming i mai for Josten-på-langs, samt i juli-august for brevandring i blåisen. Farkost: Helikopter. Særskilt: Ikkje fly fredag til søndag/langhelger/heilag dagar i mai og første halvdel av juni av friluftssomsyn. Fordel med sommarfilming etter fellesferien.
- Oppå Bøyabreen og Vesle Bøyabreen: Tid: april-mai + juli/august. Farkost: Helikopter og drone. Filming av taulag mellom ispilearar.



## Lokaliteter (lokasjonar) i Luster kommune:



Kartutsnitt sørlege Luster.

- Inn Austerdalen og Langedalen: Tid: juli – august. Farkost: Filming av brefalla med helikopter. Omsyn: varsam sommarstid med omsyn til friluftsliv. Ikkje flyging i mars-juni grunna sårbart biologisk mangfald. Ikkje flyging i perioden med DNT Basecamp/Familiecamp på Tungestølen. Fordel med filming etter fellesferien.
- Bings Gryte: Tid: april – mai. Farkost: helikopterlanding med utstyr for å filme overnatting/camp i samband med Josten-på-langs. Nattbilete. Treng klårvêr. Særskilt: Ikkje fly fredag - søndag/langhelger/heilag dagar i mai og første halvdel av juni av friluftssomsyn.
- Tunsbergdalsbreen og Røykjedalsbandet: Tid: Juli – august. Flyging opp brefallet. Etablere filmpunkt på Røykjedalsbandet, dollykøring på skinner (tungt utstyr, treng frakt). Mogeleg overnatting. Innspel frå forvaltninga: best å fly via Leirdalen, og ikkje via Krundalen av omsyn til friluftslivet.



Kartutsnitt midtre Luster.

- Høgste breakulen: Tid: april – mai. Farkost: helikopterfrakt av utstyr, filming av gruppa som går Josten-på-langs. Særskilt: Ikkje fly fredag - søndag/langhelger/heilag dagar i mai og første halvdel av juni av friluftssomsyn.




- Steinmannen: Tid: april-mai. Ev filme folk utanfor nødbuene. Særskilt: same vilkår som førre kulepunkt.
- Nigardsbreen: Tid: juni. Farkost: helikopter. Fly langs elva og over vatnet mot breen.
- (Tuftebreen eller) Nigardsbreen: Filme isgrotte. Tid: mars. Nigardsbreen: snøscooter. Treng løyve frå vernemyndet, som er Luster kommune.



Kartutsnitt nordlege Luster.

- Lodalskåpa (grensefjell mot Stryn): Tid: april – juni. Farkost: helikopter. Filme soloppgang over breen og klatring på Lodalskåpa. Filme i fart forbi fjelltoppen. Mogeleg overnatting og filming frå bakken. Særskilt: Ikkje fly fredag - søndag/langhelger/heilag dagar i mai og første halvdel av juni av friluftssyn.
- Fåbergstølsgrandane og Lodalsbreen: Tid: juli – august. Lågtflyging med helikopter.
- Styggevatnet/Austdalsbreen: Tid: Sommar/haust. Farkost: Helikopter og drone. Filme kajakkpadlarar, brekanten og bresprekker. Vernegrensa går litt innpå breen.


#### Lokalitetar (lokasjonar) i Stryn kommune:



Kartutsnitt sørlege Stryn.

- Skåla: Tid: filme Skålabu og hytteliv i mars og lågtflyging over tårnet i juli – august. Overnatting vinterstid og filme vinterskitur. Særskilt: Ikkje filme i perioden rundt Skåla Opp. Sommarstid: filme tidleg om føremiddagen (før kl. 11) når færre folk er på toppen, og gjerne måndagar, då det er færrast turfolk mot toppen. Ta kortaste vegen frå Breng, unngå flyging over stien, også med omsyn til kyr på beite som kan bli skremd.
- Lovatnet: utanfor verneområdet.
- Bødalen, Kjennaldalen og Erdalen inn mot breane: Tid: sommar eller haust. Farkost: helikopter, flyging inn og opp mot breane. Ikkje mellom mars – juni grunna sårbart biologisk mangfald. Kjennaldalen, filme frå bakken sommarstid, langs stien? Vær varsam med omsyn til friluftsliv, gjerne tidleg om morgonen eller sein ettermiddag, ev seinsommar. Varsam flyging (ikkje for lågt) over Bødalssetra og i Erdalen når kyr er på beite.
- Lodalskåpa (grensefjell mot Luster): Tid: april – juni. Farkost: helikopter. Filme soloppgang over breen og klatring på Lodalskåpa. Filme i fart forbi fjelltoppen. Mogeleg overnatting og filming frå bakken. Særskilt: Ikkje fly fredag - søndag/langhelger/heilag dagar i mai og første halvdel av juni av friluftssomsyn.





Kartutsnitt sørlege Stryn.

- Briksdalen (i dialogmøtet vart også Brenndalen, dalføret nord for Briksdalen nemnt). Tid: Juli-august. Farkost: helikopter. Flyging frå dalopninga i høgde med breen og inn mot breen og opp brefallet. Særskilt: Ikkje flyging mellom mars – juni grunna sårbart biologisk mangfald. Mindre uroande for friluftsliv å filme i Brenndalen enn i Briksdalen. Varsam og effektiv filming av omsyn til turisme og mykje folk langs gangvegen. Gjerne seinast mogeleg i sesongen og tidleg om føremiddagen. Varsle reiselivet i Briksdalen på førehand om filmprosjektet, så reiselivet kan informere turistar om det kjem spørsmål.
- Kattanakken: mogeleg utsynspunkt. Usikkert. I tilfelle helikopter dit, gjeld same vilkår som for Briksdalen.

I tillegg ønskjer dei å ha opning for å kunne fly for å filme i Jølster sin del av verneområdet, mellom anna inn Kjosnesfjorden og Lundeskaret. I lokasjonsplanen kjem dei tett på grensa til Jølster i områder som Kvitevardane (Vetle Bøyabreen) og Grensevarden (Bings Gryte).

I tillegg ønskjer dei å fly heile Jostedalsbreen på langs, slik den gamle Caprino-filmen gjorde det, noko som vil også favne om motorisert ferdsle i fleire enn Sogndal, Stryn og Luster kommuner. I dialog med forvaltar seier bremuseet og Falkeblikk at dei vil til å fly meir enn 300 meter over bakken, noko som då ikkje er omfatta av vernevedtaket eller anna motorferdsellovgjeving, men at dei likevel vil ta generelle omsyn til friluftslivet under denne langsflyginga. Dei ønskjer også å kunne ha høve til å leggje til lokasjonar på eit seinare tidspunkt i prosjektet.

## Vurdering

Naturen sine eigne lydar og fråver av motordur og motoriserte køyretøy er ein viktig kvalitet ved urørd natur og folk si friluftsoppleving når dei går på tur. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit minimum.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står fylgjande om motorisert ferdsel i innspelingsssamanheng:

*«I utgangspunktet vil berre ikkje-kommersielle tiltak som utgjer særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysningsfilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar o.l. bør leggjast andre stader utanfor nasjonalparken.»*



For at ein skal kunne gi ein dispensasjon etter nml. § 48 må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndigheita sitt skjønn, innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslege reglar og retningslinjer og instruksar frå overordna myndigheit, å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndigheita bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknader på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Som det går fram av forvaltningsplanen er det berre aktuelt å gi løyve til motorisert ferdsel til tiltak som har innhald i tråd med føremålet med vernet. Føremålet med filmen er å formidle bre, geologi, landskap og friluftsliv. Det er avgjerande at filmen formidlar naturverdiane i Jostedalsbreen nasjonalpark, og syner dette fram til dei om lag 80 000 menneska som besøker Bremuseet kvar sesong. Filmen kan på den måten få ein stor formidlingsverdi.

Helikopter skapar støy og forstyrning, både for naturmangfaldet (rovfugl) og verkar uroande for folk i området, og difor vere i konflikt med verneføremålet. Fordi det er registrert sårbart biologisk mangfald i fleire område, særleg på nordsida av breen, er det naturleg å setje vilkår om å unngå flyging i disse områda på den sårbare tida (mars – juni) for disse store rovfuglane (nml §§ 9 og 10). Helikopter vil også forstyrre friluftsutøvarar som går Josten-på-langs i tida mai og fyste halvdel av juni. Difor har løyvet vilkår om å unngå flyging frå og med fredag til og med søndag i mai og dei to fyste vekene av juni. Dei som går Josten-på-langs forventar å gå i fred og ro i naturen, og dette er ein tradisjonell rute som mange menneskje går i denne perioden. Kristi Himmelfart, nasjonaldagen og andre pinsedag vil, i tillegg, kunne bli ovale turhelger, difor er slike høgtidsdagar også unnateke flygeperioden.

Ein kan diskutere om påverknaden av helikopter kan vere i meste laget (jf. nml. § 10 om samla belastning), og om flyginga påverker friluftslivet. Særleg gjeld dette på typiske stader for friluftsliv og reiseliv i sommarmånadane, då det vil være folk i terrenget stort sett uansett kva vilkår ein set i løyvet. Dette gjeld i all hovudsak dalføra Briksdalen, (Brenndalen), Langedalen og Austerdalen frå Tungestølen, innanfor grensa ved Bøyabreen, Flatbreen, Kjenndalen, Skåla, Krundalen, Erdalen og Bødalen. Det mange menneskje i Nigardsbredalen og, men her er Luster kommune forvaltningsmynde. I omtala av dei enkelte lokasjonane har Bremuseet/Falkeblikk og forvaltar i dialog prøvd å finne gode løysingar, til dømes å filme tidleg på føremiddagen eller seinast mogeleg i sesongen. På Skåla skal det ikkje filmast rundt motbakkeløpet, og på Veitastrond skal det ikkje filmast rundt DNTs BaseCamp/ FamilieCamp. I vilkår nr. 5 står også at SNO eller forvaltar skal varslast før flyging, og kan eventuelt utsette flyginga i *særlege tilfelle*. Dette kan være til dømes om det skal foregå offisielle besøk av kongelege, eller anna som vi ikkje kan ta høgde for på det noverande tidspunkt (nml § 9 om føre-var). Dette er eit normalt vilkår i område med t.d. mykje villrein.

Ved eventuelle utslepp og liknande vil tiltakshavar måtte dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skadar på naturmangfaldet (jf. nml. § 11). Det er viktig at bruken av helikopteret er særst effektivt, og at filmopptak av eit dalføre ikkje må gjerast fleire gonger. Bruk av drone til filming, der det er mogeleg, er vurdert på som den mindre støyande enn helikopter (jf. nml. § 12). Forvaltar foreslår også at filmprosjektet har ein strategi for å informere om aktiviteten, særleg i område med mykje folk, som t.d. Briksdalen.



Forvaltar vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml. § 8). Søkjar ønskjer fleksibilitet i løyvet om det skulle dukke opp idear til nye lokasjonar undervegs i prosjektet, men forvaltar vurderer at styret ikkje kan gje ei ope fullmakt til endring undervegs. I fall nye idear undervegs må dette vurderast då, også med omsyn til at kommunane også har eit regelverk å forvalte.

Både kunnskap om sårbart biologisk mangfald og kunnskap om friluftslivet har vore premiss for utforminga av vilkår. Den omsøkte aktiviteten med motorisert ferdsle i Jostedalsbreen nasjonalpark er i kjernen av det som faktisk kan gjevast løyve til. NRK fekk for nokre år sidan løyve til helikopterflyging i samband med innspelinga av ein dokumentar om geologi og landskap, i serien Norge blir til. Det finst ikkje tilsvarande område utanfor vernegrensa som kan filmast i dette prosjektet. Det er også 21 år sidan førre panoramafilm vart spelt inn, og Norsk Bremuseum ønskjer at denne planlagde filmen skal være tidlaus og vare i veldig mange år framover.



Arkivsaksnr: 2017/3850-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 01.03.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	6/18	09.03.2018

## Jostedalsbreen nasjonalpark - prioritering av tiltaksmidler for 2018

### Innstilling frå forvaltar

Framlegg til endeleg prioritering blir lagt fram for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i møtet.

### Saksopplysningar

I styremøtet den 7. desember 2017 vedtok Jostedalsbreen nasjonalparkstyre følgjande prioritering av tiltak for bestilling av midlar til Miljødirektoratet:

Prioritering	Tiltak	Skildring	Sum
1	Drifteveg Sunndalen	Ruste opp drifteveg i Sunndalen i tråd med rapport	700 000
2	Plan for innfallsportar Suphellebreen og Bøyabreen	Lage plan/rapport for korleis ruste opp innfallsport/utkikkspunkt ved Suphellebreen	130 000
3	Stien til Flatbrehytta	Utbetre enkelte parti på stien til Flatbrehytta. Planlagt, men ikkje gjennomført i 2017	10 000
4	Ferdselsveg Bøyadalen til Kvitevardane	Rydding, utbetring av gammel ferdselsveg	30 000
5	Kattanakken	Planlegging, rapport	30 000
6	Haugadalen	Bru og tilrettelegging på stien til breen	100 000
	<b>Totalt</b>		<b>1 000 000</b>



I e-post frå Miljødirektoratet får Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kr 870 000,- til tiltak i 2018. Av den summen kjem 730 000,- i denne tildelinga, og 130 000,- i supplerande tildeling i juni. Direktoratet seier likevel vi kan setje i gong med tiltaka no. Utanom dei løyvde midlane har vi også bedt om fem ferdselsteljarar for å fortsette å samle inn kunnskap om dei besøkande i og rundt nasjonalparken, men ferdselsteljarane er eigd av SNO-sentralt og er ikkje synleg på budsjettet.

## Vurdering

På tidspunktet då sakspapira skal sendast ut til nasjonalparkstyret var ikkje all naudsynt informasjon samla inn for eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag. Meir informasjon om kvart enkelt tiltak blir difor lagt fram i styremøtet.

Alf Erik Røyvik, verneområdeforvaltar for Naustdal/Gjengedal og Ålftobreen, og Rune Holen, SNO for same området, har stilt seg til disposisjon for å følgje opp driftevegsprosjektet i Sunndalen, dersom nasjonalparkstyret prioriterer dette tiltaket. Dette inneber å møte grunneigarane, lyse ut anbod, førebu vedtak om disp frå vernereglane, styre økonomien og følgje opp i felt. Rune Holen sin feltkompetanse og tidsbruk på driftevegen i Erdalen var avgjerande for at prosjektet kom i hamn innan budsjettramma.

Viss det dukkar opp trong for midlar til nye, større tiltak som ikkje var planlagt utover sommaren kan nasjonalparkstyret v/ sekretariatet be om om ekstra løyvingar i supplerande tildelingsrunder. Dette gjeld også 21-posten som gjeld midlar til forvaltningsplan/ besøksstrategi. Det kjem som regel inn behov for mindre utlegg før sommaren, som til dømes grenseverneskilt, skiltstenger, nytt sperregjerde i Briksdalen, og likande mindre beløp. Dette har som regel forvaltaren handsama innan den eksisterande budsjettramma, og det er viktig med ein viss grad av fleksibilitet. Ved tvil, konsulterer forvaltar styreleiar.



Arkivsaksnr: 2018/859-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 28.02.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	7/18	09.03.2018

## Jostedalsbreen nasjonalpark - kjentmannskøyring med snøscooter - Skjåk Røde Kors Hjelpekorps

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av naturmangfoldlova § 48, løyve til kjentmannskøyring til Skjåk Røde Kors v/ Jan Morken for perioden 2017 – 2020 på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld ein tur årleg i perioden 1. januar til 31. mars for åra 2018 til og med 2021 jf. omsøkt trasè, men bør skje så tidleg som mogeleg av omsyn til villrein.
2. Kjentmannskøyringa gjeld for testing naudnett og kjentmannskøyring for inntil 4 snøscootere pluss 1 beltegåande ATV.
3. Hjelpekorpsa skal føre GPS-logg, slik at også naudetatane kan nytte ruta i tilfelle større utrykkingar.
4. Løyvet gjeld ikkje søndagar og andre heilagdagar.
5. Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv, og køyringa skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
6. Løyvet skal takast med under transporten.
7. Rapport med dato, trasé, tal snøscooterar, og ev andre observasjonar skal sendast til nasjonalparkforvaltaren innan 1. juni kvart år.

Nasjonalparkstyret syner elles til Breheimen nasjonalparkstyre sine vilkår.

Nasjonalparkstyret gjer søkjar merksam på at samtykkje også må hentast inn frå grunneigar og frå Stryn kommune.

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:

- Søknaad om kjentmannskøyring i Jostedalsbreen nasjonalpark m/ vedlegg datert 16.02.2018



- Godkjenning av øvingsplan frå Vest politidistrikt datert 26.02.2018.
- Delegert vedtak og saksutgreiing frå Breheimen nasjonalpark, underteikna nasjonalparkforvaltar Bjørn Dalen, inkludert uttaler frå villreinutval og villreinnemnd.

#### Søknaden er vurdert i samsvar med:

1. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009 nr.100.
2. Forskrift for Jostedalsskogen nasjonalpark frå 1991.
3. Brev frå Miljøverndepartementet - Retningslinjer for redningstjenestens bruk av snøscooter i verneområder, datert 31.01.2013.

#### Søknaden

Skjåk Røde Kors Hjelpekorps v/ Jan Morken søker om motorisert ferdsel i utmark og verneområde innanfor beredskapsområdet i perioden 2018-2021, jf. vedlagt øvingsplan. Planen femner om både tilsyn, testing og vedlikehald av sambandssystemet, øving med nye medlemmer både under gode og dårlege forhold og klargjering og vurdering av potensielle aksjonsområde, særleg med tanke på skred. Øvingsplanen femner om aktivitet både innanfor og utanfor ulike verneområde. I Jostedalsskogen nasjonalpark søker Skjåk Røde Kors Hjelpekorps om å gjennomføre kjentmannsturar, teste naudnett og lage GPS sporlogg. Røde Kors søker både Breheimen og Jostedalsskogen nasjonalparkstyret, og ein god del av saksutgreiinga og vurderinga er lånt frå Breheimen, då mesteparten av det omsøkte øvingsområdet ligg der. Om lag fire km av traseen ligg innanfor Jostedalsskogen nasjonalpark.

#### Lovgrunnlag

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken. Det er heller ikkje direkte opning i verneforskrifta for Jostedalsskogen nasjonalpark å gje løyve til kjentmannskøyring. I Rundskriv av 31.01.2013 slår derimot Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet) fast at redningstenesta kan få løyve til naudsynt kjentmannskøyring etter naturmangfaldlova (nml) sin generelle dispensasjonsheimel i § 48, første ledd:

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

Rundskrivet seier at so lenge kjentmannskøyringa er ledd i ein øvingsplan, og i samsvar med lokal redningssentral sine vurderingar, so skal kjentmannskøyringa normalt godkjennast og få dispensasjon. Her står det mellom anna:

- Øvingane skal vera ein del av eit øvingsprogram.
- Det skal vera reelle øvingar.
- Øvingane skal innskrenkast til så avgrensa område og så kort tidsrom som mogleg for å unngå skader og ulemper for friluftsliv, naturoppleving og naturmiljø.
- Løyve vil gjelde for nødvendig køyring under organiserte redningsøvingar og omfattar ikkje grunnopplæring i bruk av snøscooter.
- Alle øvingar som kan leggjast utanfor eit verneområde, skal skje utanfor verneområde.
- Øvingsplanen skal godkjennast av lokal redningssentral.

Lokal redningssentral skal også informere forvaltningsmyndigheita for verneområda og SNO, når øving/motorferdsel skjer.



Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Friluftsliv for alle er ei viktig nasjonal satsing, og førebyggjande redningsteneste er viktig for utøving av friluftsliv for ålmenta. Redningstenesta har bruk for å gjera seg kjende i område der det er sannsynleg at det kan verta gjennomført redningsoppdrag, både for å kunne gjennomføra oppdrag på ein effektiv måte, og for å sikra eigne hjelpemannskap.

I retningslinene frå Miljøverndepartementet er det definert eit klart skilje mellom øvingsverksemd og kjentmannskøyering. Øvingsverksemd skal leggjast utanfor verneområda, men redningstenesta vil «...til en viss grad være avhengig av mulighet for øvingskjøring og i praksis særlig kjøring for å bli kjent («kjentmannskjøring»)».

Det er i utgangspunktet søkt om ein tur per punkt i øvingsplanen (åtte ruter er planlagt, men berre ei av dei går innom Jostedalsbreen).

Ref. Kart	Rutebeskrivelse/ snøscootertrase	Formål	Verneområde	Stk. Snøskutere	Stk. mannskap
Rute 8:	Grotli-Skriulapbu (Raudalen)	Testing naudnett / kjentmannskjøring	Breheimen NP og Jostedalsbreen NP	4+1ATV m/belte	4-12

Rute 8 følgjer trase frå Grotli til Raudalen, via Skridulaupbu, og vestover til Merradalsbotn (Stryn kommune og Jostedalsbreen nasjonalpark), så tilbake over Mårådalsfjellet-Mårådalen – Grotli.

Politiet har godkjent øvingsplanen, og det inneber at øvingsplanen gjeld naudsynt motorferdsel i verneområda. Denne godkjenninga utgjør grunnlaget for å vurdere tiltaket etter verneforskrifta.

Nasjonalparkforvaltaren for Breheimen har m.a. følgjande vurderingar:

*Føre-var-prinsippet er tillagt vekt ved at det er sett vilkår om at det skal takast særleg omsyn til villrein dersom han er i området, og det er tilrådd at køyringa vert avslutta før 1. april, av omsyn til verneformålet (naturmangfaldlova § 9). (...) Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke natur- og kulturlandskapet, må den einskilde søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning (naturmangfaldlova § 10). Av omsyn til friluftslivet er det viktig å skjerme søndagar, heilag dagar og andre utfarts dagar (t.d. påska) for motorisert ferdsl, men sidan dette er frivillig arbeid, vert det opna for bruk av laurdagen til kjentmannskøyering dersom det er naudsynt. Det vert også sett vilkår om varsling og rapportering for å kunne bevisstgjere førarane og for å kunne vurdere det samla omfanget av motorferdsel i verneområda. (...)*

*For å minimere motorferdsla i områda er det føremålstenleg å køyre fleire snøskutere samla under ei fellesøving, framfor at ein køyrer t.d. ein og ein snøskuter over ein lang periode. Med vilkåra som er sett for løyvet kan ikkje nasjonalparkforvaltaren sjå at aktiviteten vil føre*






til særleg auka motorferdsel i verneområda. Dekking av kostnader ved miljøskade er lite relevant. Øvingskøyring på vinterføre vil ikkje føre til skade på natur i nemneverdig grad. Ein skal likevel redusere køyringa til det som er naudsynt med tanke på støy. Det er difor viktig å følge den godkjende planen, og det er lagt vekt på å setje vilkår som regulerer tiltaket for å unngå skade. Naturmangfaldlova §§ 11 og 12 vert difor ikkje vurdert nærare. (...)

Ut i frå ei totalvurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at tiltaket med vilkåra gitt i løyvet ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. Tiltaket kan difor gjennomførast som godkjent av Innlandet Politidistrikt og Vest Politidistrikt, på visse vilkår.

Øvingsplanen er godkjent av politiet i Vest politidistrikt v/ overbetjent Erik Hole: Vest politidistrikt har ingen innvendinger til Skjåk RKHK sin søknad om øvingsplan av 22.03.2017.

At noen av de ansøkte rutene går inn i Vest LRS sitt område, og for øvrig dels går i vår 'grensesone' til Innlandet politidistrikt, anser vi utelukkende å være gode bidrag til den generelle styrking av redningsberedskapen også i vårt område.



Omsøkt rute i stipla raud markering, med arealet i Jostedalsbreen nasjonalpark innteikna i ein blå sirkel.

Nasjonalparkforvaltaren for Jostedalsbreen støtter seg til Breheimen sine vurderingar.



Arkivsaksnr: 2018/887-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 01.03.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	8/18	09.03.2018

## Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsle i samband med måling av is- og snøtjukkleik - NVE

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt, i verneforskrifta, løyve til NVE v/ Hallgeir Elvehøy for løyve til å nytte helikopter og snøscooter i avgrensa omfang, for å utføre feltarbeid i samband med måling av is- og snøtjukkleik.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- 1) Motorferdsla avgrensar seg til det som er strengt naudsynt for å gjennomføre dei planlagde målingane på ein tilfredstillande måte.
- 2) Ved bruk av snøskuter til transport skal ein så langt som mogleg følgje same rute.
- 3) Motorferdsel vert unngått i helgane (fredag ettermiddag – søndag kveld) og løyvet gjeld i tidsrommet 9.-21. mars 2018. Ved dårlege vêrforhald kan forvaltar utvide tidsrommet.
- 4) Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter målinga, gjerne med generelle observasjonar av dyreliv e.a. frå områda.

Vi gjer merksam på at NVE og treng løyve frå grunneigar, då de allereie har fått løyve frå Luster kommune.

NVE og Høgskulen på Vestlandet bør utveksle innsamla informasjon innsamla i verneområdet, slik at det ikkje er naudsynt med overlappende aktivitet.

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:

- Søknad frå NVE datert 16.februar 2018 og utfyllande informasjon pr e-post.
- Løyve frå Luster kommune, utkast pr. 1. mars 2018.
- Tidlegare løyve.
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark



- Naturmangfoldlova

### Søknaden

NVE v/ Hallgeir Elvehøy søker om løyve til å køyre snøscooter i samband med radarmåling av is- og snøtjukkleiken øvst på Nigardsbreen og i nærområdet der. Målingane skal utførast to dagar i veke 10, 11 eller 12. Søknaden omfattar også helikopterbruk i samband med å flyge to snøscootrar opp til eit utgangspunkt ved Steinmannen. Mestedelen av arbeidet vil føregå innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark, men NVE reknar med å komma inn i Nigardsbreen naturreservat ved Steinmannen og kanskje på grensa ved Liokslia, der Luster kommune har forvaltningsmynde. Luster kommune handsamar saka pr. 1. mars.

Frå søknaden:

*NVE planlegg å gjere radarmålingar av snødjup og istjukkelse på Nigardsbreen i mars. Snødjupmåling med radar er utviklingsarbeid for å prøve å forbetre massebalansemålingane vi gjer på breane. Istjukkellesmålingane er for å forbedre kartet over brebotn på Nigardsbreen, dei gamle målingane frå 1980-talet er stort sett gjort øvst på breen mellom Kjendalskruna, Høgste Breakulen og Steinmannen. Vi ser for oss å køyre i all hovudsak ovom grensa for Nigardsbreen Landskapsvernomåde, men kan kanskje komme så vidt innafor ved Steinmannen og kanskje på Liaksla (om vi rekk å køyre dit òg). Vi kjem neppe til å køyre utom dereneringsgrensa for Nigardsbreen. Første moglege tidsrom er veke 10 (6.-8. mars), så har vi veke 11 (13.-15. mars) og veke 12 (20.-21. mars) som reserve. Endelig tidspunktet er vèravhengig. Vi planlegg med to dagar på breen. Vi flyg opp to snøskutera frå Statkraft sin landingsplass på Fåberg, og har hytta på Steinmannen som utgangspunkt. Vi har i utgangspunktet dispensasjon for å drive dei rutinemessige målingane av massebalanse på Nigardsbreen, men sidan dette fell litt på side spør eg om vi må søke særskilt for denne turen, eventuelt om denne e-posten kan vere søknad.*

Det fireårige løyvet som NVE har dekkjer følgjande (klypt frå tidlegare saksutgreiing):  
(...) utføring av feltarbeid i samband med glasiologiske undersøkingar på Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen, Stegholtbreen og Tunsbergdalsbreen (Brimkjelen). Undersøkingane omfattar måling av massebalanse, frontposisjonsendringar, brerørsle og klimaparametrar, måling og observasjon av faren for isras, og fotografering for å kunne dokumentere eventuelle endringar i bresjøen i Brimkjelen. For å gjere undersøkingane må NVE nytte helikopter (lågtflyging og landing) ved Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen og Brimkjelen, og nytte snøskuter på Nigardsbreen og Austdalsbreen. NVE har også midlertidige og meir permanente måleinstrument, i fjell på og ved breane. Feltarbeidet skal gjerast i januar/februar (1-2 dagar), april-mai (3-6 dagar), juli/august (2-4 dagar) og i september/oktober (2-3 dagar).

NVE gjer denne målinga aleine, men Høgskulen på Vestlandet har planar om tilsvarende framgangsmåte på målingar over andre delar av iskappa. HVL har signalisert at dei treng finansielle avklaringar før dei sender endeleg signal til forvaltninga om løyvehandsaming, men sekretariatet har kobla dei to prosjekta, slik at dei er klar over kvarandre si planlagte innsamling av data.

### Lovgrunnlag:

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i



samband med vitenskaplege granskingar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon (verneforskrifta § IV, pkt. 4.3).

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka

## Vurdering

NVE har samla kunnskap om Jostedalsbreen i mange tiår. Til dei vanlege undersøkingane har dei eit fleirårig løyve frå nasjonalparkstyret og frå Luster kommune, men årets radarundersøking kjem utanom og treng eigen dispensasjon. Helikopter og scooter er naudsynte hjelpemiddel til arbeidet (nml § 12). Nasjonalparkforvaltaren legg til grunn at tiltaka i liten grad vil påverke trua, nær trua eller verdifullt naturmangfald som er omfatta av verneføremålet, og at kunnskapen som ligg til grunn for behandling av søknaden er i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8. Landing med helikopter og køyring med snøscooter på toppen av breen har ingen openberre ulemper for naturmangfaldet. Det er svært lite dyreliv på iskappa, og i mars er det også langt mellom skituristane. Spora etter køyringa vert svært kortvarige. Ein kan difor ikkje sjå at tiltaket påverkar verneverdiane nemneverdig. Førre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9.

Omfanget av motorferdsel øvst i brefallet og i området bak brefallet er svært lite samanlikna med resten av verneområdet (nml § 10). Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet.



Arkivsaksnr: 2018/882-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 01.03.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	9/18	09.03.2018

## Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til snøscooterkøyring for snømåling - Glommens og Laagens Brukseierforening GLB

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, med heimel i naturmangfoldlova si § 48, løyve til Glommens og Laagens Brukseierforening for å nytte ruta over Tystigbreen og gjennom Merradalsbotn (sjå trasé på kartet i dette brevet) med snøscooter i 2018 og 2019 som naudrute for å gjennomføre snømåling når det ikkje er mogleg/forsvarleg å bruke ruta direkte frå Rauddalsvatnet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil to turar årleg til snømålestrekk oppstraums Rauddalsvatnet i perioden 1. mars – 20. april, i tillegg til inntil tre turar med snøskuter for transport av utstyr og material for vedlikehald av bruer på nordsida av Rauddalsvatnet fram til 20. april 2016.
- Bruken av snøskuter til snømåling i Rauddalen skal kombinerast med transporten til vedlikehald av bruer i området så langt det lar seg gjere.
- Køyring skal ikkje finne stad i påska (frå laurdag før palmesøndag til og med 2. påskedag) og i helgedagar.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø (særleg villrein) og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn (SNO), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar.
- GLB sender ein skriftleg rapport om gjennomført motorferdsel innan 1. juli til nasjonalparkforvaltaren det enkelte året dersom ruta gjennom Jostedalsbreen nasjonalpark har blitt brukt.

Andre vilkår satt av Breheimen nasjonalparkstyre gjeld også Jostedalsbreen sitt område, då både start og mål på ruta er på den andre sida av vernegrensa.



## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad frå GLB datert 1.3.2018
- Løyve frå Breheimen nasjonalparkstyre datert den 1.3.2016
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfoldlova

## Vurdering


### Søknaden:

Søknaden gjeld fornying av dispensasjon gitt til GLB av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre den 15.03.2013, i sak 3/13, og delegeringssak 1/16 datert 17/3 2016 frå nasjonalparkforvaltar. For fleirårig løyve må Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avgjere saka, og no søkjer GLB om to år, frå 2018 til 2019.

Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB) søkjer om å nytte snøskuter for å ressurskartleggje snømengda for avrenning til kraftmagasina i kanten av Breheimen nasjonalpark. Det blir målt tre målestrekk i Breheimen nasjonalpark, to av dei oppstraums Raudalsvatnet. Målingane oppstraums Raudalsvatnet blir utført i løpet av to dagar.

Målingane blir også brukt som grunnlag for flomvarslinga og til allment formål. På oppfordring formidlar dei historiske snømålingar til forskingsinstitusjonar og andre interesserte. I tillegg til snømålingane har GLB òg ansvar for vedlikehald av tre bruer langs nordsida av Raudalsvatnet. For utkøyring av utstyr og material i samband med utbetring og vedlikehald av bruene er det behov for køyring inntil tre dagar i året. Ein av dagane kan kombinerast med snømålinga oppstraums Raudalsvatnet. Dei tilsette i GLB er nå overført til Eidsiva Vannkraft, men snømålingene vert framleis utført på vegner av GLB (som har reguleringskonsesjonen for Raudalsvatn). Difor står framleis GLB som løyvemottakar.

Traseen dei normalt vil bruke går frå Grotli til Raudalsmagasinet som vist på kartet. Som ei naudløysing ynskjer dei å kunne køyre innom Jostedalsbreen nasjonalpark på veg frå Raudaldalen for å kome tilbake til Grotlia. Den traseen går via Merradalsbotn og Mårådalen. Dette er ei naudløysing når vær- og føretilhøvet ikkje gjer det mogleg å kome opp lia frå Raudalsmagasinet.



Figur: Oversikt over omsøkte trasear, mellom anna nødruta gjennom Jostedalsbreen nasjonalpark. Frå søknaden til GLB.

I sak 2/16 vedtok Breheimen nasjonalparkstyre å gje løyve til inntil to snøscootere for målestrekka Breidalsfeltet og Raudalsfeltet til GLB for perioden 1. mars til 20. april i åra 2016, 2017, 2018 og 2019. I tillegg fekk GLB løyve til inntil tre snøscootere i samband med vedlikehald av bruene ved Raudalsvatnet fram til 20. april i åra 2016 t.o.m. 2019. Til saman hadde Breheimen nasjonalparkstyre 13 vilkår i løyvet vedteke den 1. mars 2016. Breheimen nasjonalparkstyre har tidlegare gitt GLB løyve til inntil to turar med snøskuter årleg til snømålestrekka i Raudalsfeltet i perioden 1. mars – 30. april i åra 2013, 2014 og 2015, og inntil tre turar med snøskuter i samband med vedlikehald av bruene ved Raudalsvatnet fram til 30. april 2013. Fylkesmannen har tidlegare gitt eit fleirårig løyve til naudruta i åra 2010-2012.

Breheimen nasjonalparkstyre har god kjennskap til villreinen sitt bruk av dette området, og snevra inn tidsperioden i løyvet med ti dagar samanlikna med løyvet GLB fekk i førre periode, for å unngå uroing av reinen i kalvingsperioden. Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalpark legg stor vekt på Breheimen sine vurderingar i saka.

### Lovgrunnlag:

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er ikkje opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel til



dette føremålet. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfaldlova § 48 står det at «*forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påvirke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering

Denne delen av Jostedalsskogen nasjonalpark er av dei mest avsidesliggjande fjellområda i nasjonalparken. Spesielt vinterstid er det lite annan aktivitet i dette området. Det er difor særskilt viktig å halde området mest mogleg fritt for motorisert ferdsel. Sekretariatet har likevel forståing for at det ut frå sikkerheitsomsyn kan oppstå behov for å kunne bruke den alternative ruta gjennom Merradalsbotn. I telefonen med søkjar Hans Christian Udnæs seier han at det er svært lite sannsynleg at ruta blir brukt, den har berre vore brukt ein gong tidlegare under svært vanskelege snøforhold langs normalruta.

Bruk av snøskuter fører med seg støy og uroing, som kan vere til skade for dyreliv som villrein, og vere forstyrrande for friluftsliv. Samtidig er forstyrringa som bruk av snøskuter fører med seg relativt kortvarig. Det er søkt om opptil fem turar totalt med snøskuter, der traseen som ligg i Jostedalsskogen nasjonalpark berre vil bli brukt dersom den vanlege ruta ikkje er rå å bruke på veg heimatt. Omfanget av tiltaket er difor lite, og forvaltar vurderer det difor til å ikkje vere i strid med vernevedtaket sitt formål, og til at det med dei rette vilkåra ikkje vil påvirke verneverdiane nemneverdig.

Frå tilgjengelege databasar (som naturbasen og artsdatbanken.no), forvaltningsplanen for Jostedalsskogen, NINA Rapport 227 «Villreinen i Ottadalsområdet» og generell kunnskap om området, går det fram at det er fyrst og fremst villreinen i Ottadalen villreinområde som er registrert av biologisk mangfald som i nemneverdig grad kan bli påverka av tiltaket det er søkt om. Området rundt Merradalsbotn er registrert som sommarbeite for villreinen, samtidig som det er viktige trekkveggar nord-sør forbi dette området. Mårådalen i Breheimen nasjonalpark er registrert som kalvingsområde. Villrein er utsett for menneskeleg aktivitet, og då særskild seint på vinteren i tida før kalving. Villrein reagerer normalt med frykt mot motorisert ferdsel. Samtidig kan reaksjonen vere større mot til dømes turgåarar. Støy frå snøskutertransport vil likevel kunne påvirke villreinen over eit større område enn kva ein skiløpar vil. Vi har mykje kunnskap om villreinen i Ottadalsområdet og korleis villrein reagerer på menneskeleg påverknad. Forvaltar vurderer difor kunnskapsgrunnlaget til å vere godt nok til å kunne vurdere søknaden (jf. naturmangfaldlova § 8).

Som nemnt er dette området av dei brenære områda i Jostedalsskogen nasjonalpark som er mest avsidesliggjande, og difor er det òg lite aktivitet her. Nasjonalparkstyret skal også vurdere løyve til kjentmannskøyring til Skjåk Røde Kors Hjelpekorps i denne delen av nasjonalparken. Av anna kjend aktivitet er det noko turaktivitet forbi Kamperhamrane, men berre i sommarhalvåret. Breheimen nasjonalparkstyret har vurdert omsynet til villreinen i detalj, og forvaltar syner til Breheimen sine vurderingar. Eit eventuelt løyve vil etter sekretariatet si vurdering ikkje føre til ei stor samla belastning på området (jf. naturmangfaldlova § 10).





Det er naturleg å setje vilkår til eit eventuelt løyve om at det skal takast omsyn til naturmiljø (jf. naturmangfaldlova § 12) og friluftsliv. Statens naturoppsyn (SNO) ved Anne Rudsengen eller Øyvind Angard bør varslast seinast dagen før, slik at han kan gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar. Av omsyn til friluftsliv bør det ikkje bli gitt løyve på helgedagar og i påskeveka, dvs. frå laurdag før palmesøndag til og med 2. påskedag.

Det er ein fordel om køyringa finn stad tidligast mogleg, slik at ein ikkje risikerer å uroe villreinen, særleg tett inntil kalvinga. Køyring i perioden 20. til 30. april bør difor berre finne stad dersom det er strengt nødvendig at snømåling blir gjort i denne perioden, og då etter særskilt avtale med Breheimen sitt sekretariat.

Når det gjeld eventuelle skader på naturmangfaldet som ein verknad av tiltaka som det er søkt om, så skal dei lastast tiltakshavar om dei ikkje er urimelege ut ifrå den karakter skaden har (jf. naturmangfaldlova § 11).

### **Konklusjon**

Glommens og Laagens brukseierforening har gjennomført snømålingar i det omsøkte området sidan før 2009. Det har ikkje vore registrert konflikter eller brot på vilkår i tidlegare løyve, og køyrerapportar har alltid blitt levert i tide. Vi har lagt Breheimen sin hyppige kontakt med villreinutvalet for Ottadalen til grunn for omsyn til reinen. Med varsling i førekant av køyringa vil også omsynet til villreinen kunne avgjerast på staden. Sekretariatet vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig (jf nml § 48), og godkjenner søknaden om motorferdsel på vilkår.

Stryn kommune har handsama søknaden etter § 6 i motorferdsellova og gitt dispensasjon til den omsøkte køyringa ut 2019.



Arkivsaksnr: 2013/3553-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 19.10.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	34/17	30.10.2017
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	10/18	09.03.2018

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Ulovleg motorferdsel i samband med idrettsarrangement

### Saksprotokoll i -

#### Handsaming i møte

Marius Dalin sa at det ikkje var urimeleg at saka blir vurdert, og at det ikkje er greitt for styret å ta seg til rette i nasjonalparken. Sven Flo hadde endringsforslag om å gje Skål Opp ei åtvaring. Oddmund Klakegg sa at nasjonalparkstyret har lagt til rette for dette idrettsarrangementet og at styret var skuffa over at arrangøren ikkje følgjer regelverket. Han sa at det er sterkt med politimelding, og nemnte at Skarverennen vart meldt i fjor for liknande aktivitet. Klakegg sa at tilsvarande saker er meldt av styret før, og at det er viktig med likehandsaming. Einar Målsnes understreka at det ikkje var komme klagar, og at det var viktig om det var persontransport eller ikkje. Fleire var skuffa over at styret ikkje var blitt søkt eller spurt om ekstra løyve. Venke Kollbotn sa at idrettsarrangement i nasjonalparken i utgangspunktet ikkje var lov, og at styret hadde vore velvillige, men måtte også være konsekvente om noko brøyt reglane.

#### Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre utset saka til neste styremøte for å få meir heilskapleg informasjon om motorferdsla til Skåla.

#### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre melder Skåla Opp og det aktuelle helikopterselskapet til politiet for ulovleg helikopterferdsle før og etter motbakkeløpet i 2017.



## Bakgrunn

I vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret, datert den 7. september 2015, kapittel 8 under styret sine oppgaver, står følgjande:

*8.5 Brot på naturmangfaldlova/verneforskrifta, rapportar og melding til politiet:  
Styret har som forvaltningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskrifta som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.  
Kopi av melding til politiet/rapport, samt avgjerd frå politiet skal sendast Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjoner er aktuelt jf naturmangfoldloven kap. IX, skal styret sende over ein rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.*

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret har tidlegare meldt to tidlegare forhold til politiet for ulovleg motorferdsle. Det eine tilfellet var ein løyveinnehavar som landa på breplataet, sjølv om løyvet utelukkande gjaldt lågtflyging. Det andre tilfellet var ein løyveinnehavar som flaug på eit sårbart tidspunkt og ein sårbar lokalitet utan å melde i frå til SNO, og som uroa mange friluftsutøvarar.

I utkastet til forvaltningsplanen for Jostedalsbreen har styret handsama kapitlet om motorferdsle. Om ulovleg motorferdsle seier planen:

*Ulovleg motorferdsel innanfor grensa til nasjonalparken vil bli vurdert meldt til politiet. Dette gjeld a) folk som gjennomfører motorferdsel utan løyve frå nasjonalparkstyret eller b) folk som bryt eitt eller fleire vilkår i løyve gitt av nasjonalparkstyret. Den som først får reie på ulovleg motorferdsel skal vurdere å melde det til politiet, anten det er nasjonalparkstyret eller Statens Naturoppsyn.*

I utkastet til forvaltningsplanen står også følgjande:

### **Forvaltningsmål**

*Jostedalsbreen nasjonalparkstyret har som mål å halde omfanget av motorferdsel i verneområdet så låg som mogeleg, og avgrense bruken til eit absolutt minimum. Omfanget av motorferdsel skal ikkje auke over tid.*

### **Om den aktuelle saka:**

Dokument i saka:

- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret datert september 2015
- Utkast til forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Løyvet til Skåla Opp 2014 – 2017
- Rapport frå Skåla Opp 2017, og tilleggsopplysningar til rapport om Skåla Opp 2017
- E-postutveksling mellom forvaltning og Skåla Opp

Skåla Opp er eit motbakkeløp som har foregått sidan 2002, og som gradvis har auka i storleik til dagens nivå på om lag 2000 personar. I utgangspunktet er idrettsarrangement forbode innanfor vernegrensa, men arrangementet har fått fireårige dispensasjonar frå



forskrifta. Løyvet inneheld både dispensasjon for sjølve idrettsarrangementet, samt for motorisert ferdsle for å kunne frakte vatn og sikringsutstyr med helikopter. Løyvet har spesifisert ei (1) landing ila dei fem dagane før løpet, og ei (1) landing ila dei fem dagane etter løpet. Skåla Opp har aldri klaga på talet landingar med helikopter, og er vel kjent med at dei kan søkje om fleire landingar dersom det er naudsynt.

Eitt av vilkåra i løyvet er at Skåla Opp skal sende ein kort rapport frå årets løp. I rapporten frå 2017, datert den 13. september, står det at dei flaug opp med materiell den 14. august og ned att med materiell den 24. august. I tillegg rapport datert 13.09 er følgjande opplyst i e-post: *Vedrørande oppfying: Først må mannskap opp for å kunne ta imot. Deretter tre løft opp, derav eit løft til Skålavatnet. Mannskap ned. Vi har ikkje hatt noko helikopter i lufta under arrangementet. (...)*

Forvaltar orienterar til arrangøren i e-post datert 2.10 at den rapporterte motorferdsla overskrid det løyvde tal turar, og same dag svarar arrangøren:

*Hei*

*Det får vi beklage. Det blir vanskeleg å gjennomføre dersom hjelpemannskapet på fire personar må gå opp og ned til Skåla, ved ustabil skydekke tar det av og til fleire dagar før vi kan gjennomføre opp og eller nedfying. Det har heller ikkje vore mogleg å få med all last på eit løft på grunn av høgda vi ferdes i. Vi håper på forståelse for at dette er beste måte å førebu og rigge ned etter gjennomført arrangement på.*

Forvaltar vurderer at minimum 10 landingar med helikopter er eit klart brot på løyvet. Å flyge opp eins ærend med mannskap for å ta i mot materiell er ikkje innanfor løyvet. Løyvet spesifiserer at ein kan flyge opp vatn, sikringsutstyr, med meir (t.d. aggregat, pledd, tidtakingsutstyr, etc). Arrangøren kjenner godt til regelverket.

Flyging med helikopter i august månad over Skåla er i tillegg svært uroande for det aukande friluftslivet. Når turgåarar kjem til Jostedalsbreen nasjonalpark forventar dei stillheit og naturoppleving. Friluftsliv er eitt av føremåla i nasjonalparken. I 2016 registrerte ferdselsteljaren vår 13 000 passeringar på Skåla, og august var den travlaste månaden.

Det er eit poeng at helikopterselskapet også blir meldt for brot på forskrifta.

Helikopterselskapa har eit sjølvstendig ansvar for å passe på at oppdragsgjevarar har løyve for å fly i utmark generelt og i verneområde spesielt. Å rette merksemd på dette, vil kunne ha ein førebyggjande effekt i framtida.



Arkivsaksnr: 2014/42-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 01.03.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	11/18	09.03.2018

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styre og årsplan for 2018

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret skal møte jamnleg i 2018 for å arbeide vidare med forvaltningsplan og besøksstrategi, gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdian, med utgangspunkt i følgjande årsjul:

- Mars: Styremøte på Gloppen hotell (bestillingsmøte 2)
- April/Mai: Styremøte
- Juni: Styremøte på Jostedalsbreen nasjonalparksenter, ev med synfaring i Erdalen
- August/September: Styremøte, ev med overnatting/synfaring på Kattanakken
- Oktober: Møte med Fagleg rådgjevande utval, ev opning av drifteveg i Sunndalen
- November/desember: Styremøte i Sogndal (bestillingsmøte 1)

Fleire møte er avhengig av om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering. Forvaltar sendar ut framlegg til datoar via doodle.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre lyser ut eit engasjement med kontorplass Gaupne for å auke kapasiteten i sekretariatet. Med større kapasitet vil framdrifta i arbeidet med forvaltningsplan og besøksstrategi komme i mål innan fristen i 2020.

### Saksopplysningar

Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Disse fire gongene er uavhengig av kor mange gonger eit ev AU trer saman. Sidan 2011 har nasjonalparkstyret hatt møte mellom fire og åtte gonger i året.

I e-post frå Miljødirektoratet datert den 14.02.2018 fekk vi opplyst at tildelinga for drift av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for 2018 er kr 250 000,- Dette inkluderer både



utgifter til møte, seminar, synfaringar, reise- og møtegodtgjersle, samt utgifter i samband med FRU. Forvaltar budsjetterte med 300 000,- til styrets drift, men det inkluderte også utgifter til reise og godtgjersle for styret til nasjonalparkstyrekonferanse i Trondheim, men denne konferansen blir ikkje gjennomført i år grunna kapasitet i direktoratet. I 2017 brukte nasjonalparkstyret om lag 260 000,- til drift.

Av disse kr 250 000,- har vi rekna kr 140 000,- som utgifter til møtegodtgjersle, kr 50 000 til reiseutgifter og kr 60 000,- til møteutgifter (lokale, overnatting, servering, og liknande).

Styret fekk også kr 800 000,- til forvaltningsplanarbeid!

## Vurdering

To viktige møtetidspunkt for nasjonalparkstyret kvart år er i mars og i november/desember. Då er det planlegging av tiltak i inneverande/neste år i nasjonalparken.

Styret signaliserer stor interesse for å komme seg ut og sjå på tiltak og prosjekt i nasjonalparken. Styret bør få til minst eitt slikt møte med synfaring i løpet av sommarsesongen. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt i nasjonalparken er mellom juni og september/oktober, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I forslag til innstilling er det foreslått juni og august/september. Styret har ikkje fått sjå den ferdig tilrettelagde driftevegen i Erdalen utan snø, ein tur vi kan kombinere med eit møte på nasjonalparksenteret på Fosnes. Styret bør også få seg ein tur på Kattanakken for å best mogeleg kunne vurdere denne stien i ein større samanheng.

Erfaringsmessig tek det tid å komme seg ut i nasjonalparken. Det er ofte langt for enkelte styremedlem å komme seg til ein møtestad, og mange høgdemeter inn i verneområdet. Dersom ein t.d. held styremøte ein ettermiddag/kveld, overnattar og tar ein synfaring dagen etter, vil ein kunne rekkje lenger og høgare.

Styret ønskjer å kombinere eitt styremøte i løpet av året med å treffe Fagleg rådgjevande utval. I fjor var det eit slikt fellesmøte i Loen i oktober, tidlegare år har vi hatt slikt møte i Stardalen. Dersom styret prioriterer drifteveg i Sunndalen, kan det være eit høve å kombinere offisiell opning med eit FRU-møte.

Ein så solid pott til forvaltningsplanarbeid er ein erkjenning at det er for mange oppgåver og for lite kapasitet i sekretariatet, og kan lette arbeidet og få betre framdrift med dei store planoppgåvene. Styret må vurdere om det er best å nytte dei 800 000,- til innkjøp av konsulenttenester etter anbuds konkurranse, eller om det er best å lyse ut ei stilling i eit engasjement. Det blir dyrare å leige inn ein konsulent, men det er høgare sannsynlegheit å få ferdig ein plan raskare med ein konsulent. Det er likevel mange fordeler av å lyse ut eit engasjement, som oppbygging av kompetanse lokalt, og generell styrking av sekretariatet. Som personalansvarleg skal Fylkesmannen i Sogn og Fjordane foreta ei ev utlysning av stilling, dersom styret går for denne løysinga. For best mogeleg framdrift bør sekretariatet sitte samla. Dersom midlane ikkje blir brukt opp innan året grunna sein tilsetjing (oppseiingstid og liknande), så kan midlane førast over til neste år, eller ein kan bestille nye midlar i neste års bestillingsdialog dersom arbeidet ikkje blir ferdig innan budsjetteramma.

**ST 12/18 Eventuelt**